

Bokn Bygdablod

Nr. 9 november 2013 – Årg. 28



LysVåken – s. 5



Fiskesprell – s. 3



Det handlar om lyd – s. 4



Kulturkveld – s. 5



www.bygdablodet.no

KJERT PÅ **BOKN**



RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding!

Full gass for Kårstø

I veke 45 fekk haugalendingane ei hyggeleg melding: Gassen frå Johan Sverdrup-feltet i Nordsjøen skal først til Kårstø. For dei som bekymra seg for koss gassgrafane knytt til Kårstø etter 2020 ville sjå ut, er dette fantastisk gode nyhende! Mange krefter hadde jobba for dette, men utfallet var langt frå sikkert. Moderate overslag for gassfunn viste at det kunne bli full utnyttning av Kårstø til 2020, men så ville aktiviteten gradvis gå nedover.

I tillegg laut ein dimensjonera infrastrukturen med ein kapasitet som er

skatten for desse to kommunane er sjølvstøtt viktig, men endå viktigare er det at Kårstø er den viktigaste industriarbeidsplassen i regionen. Det er derfor avgjerande at det brenn fakkell i flammearna også etter 2020. Det er ei påminning om at det på Falkeid blir skapa verdiar for regionen og landet, og at lokomotivet Kårstø er i siget. Når dei mørke konjunkturskyene kjem frå Europa, er det god indremedisin å vite at det er vilje hjå storsamfunnet til å sikra Kårstø sin posisjon som Haugalandets hjørnesteinsbedrift og Nord-Europas største gassbehandlingsanlegg.

bygd for krava til brann- og redning i Rogfast-tunnelen. Men det vil eit felles brannvesen på Haugalandet vera.

I desse dagar er også medlemsskapet Haugaland Vekst oppe til politisk vurdering i haugalandskommunane. Det kan enda med at alle kommunar på Haugalandet legg seg under paraplyen Haugaland Vekst. I så fall vil haugalandskommunane samlast i eit selskap som har ansvar for både lokalt næringsarbeid og regionalt utviklingsarbeid.

Regionalt utviklingsarbeid har mykje å seia for vidare utvikling og vekst i regionen. Dette gjeld til dømes flyplassut-



Kårstø

Foto: Ørjan Pedersen

større enn Johan Sverdrup-feltets eige behov. Dette er viktig med tanke på framtidig mating og vil sikra eit langt liv for Kårstø-anlegget. Dette kan opna for at andre felt i området også kunne bruka rørleidningen i framtida.

Avgjerda gjer det meir økonomisk berekneleg for Bokn og Tysvær kommunar som får inntekter frå gassbasert industri, og ein kan nå venta oss å sjå røyk frå Kårstø-pipene også etter 2020, kanskje langt forbi 2050. Ei ilandføring av Johan Sverdrup til Kårstø vil også kunne vere ein god søknad når avgjerdene om gassløyseringar i nord skal takast. Investeringsane som er gjort på Kårstø dei seinare åra, nå sist med KEP2010, var strategisk viktige grep å ta. Det var investeringar som nå verkeleg kan kasta av seg.

Avgjerda om Johan Sverdrup er ei julegåve, ikkje bare for Bokn og Tysvær, men for heile Haugalandet. Eigedomms-

Saman for Haugaland

Samarbeid over kommunegrensene på Haugalandet er inne i ein spennande periode. Arbeidet med å etablere eit felles opplæringskontor på Haugalandet held fram. På vegne av ordførar og rådmannskollegiet på Haugalandet (ORK) har såleis Haugaland Skole-Arbeidsliv (HSA) oppretta ei eiga arbeidsgruppe. Ho skal laga eit forslag om koss kvar kommune kan knytast til oppretting av eit interkommunalt opplæringskontor for offentlege fag. Hensikta er å gjera kommunale arbeidsplassar meir attraktive.

Elles går arbeidet for eit brannsamarbeid på Haugalandet framover. Styringsgruppa leverar innstillinga si den 15. januar og den politiske handsaminga skjer i mai 2014. Saka er spesielt viktig for Bokn kommune som får ansvaret for brann- og beredskap i samband med Rogfast. Me har eit godt brannkorps i Bokn, men det er ikkje

viklinga, E-134 / E-39 og Rogfast og offentlege institusjonar som nytt fengsel, HSH og politidistriktet. Andre viktige arbeidsområde er det regionale omdømmearbeidet og rekruttering av arbeidskraft, felles framstøyt for marknadsføring av større næringsområde og sikra politisk forståing for gass til Kårstø i framtida. Det tidlegare Haugalandsrådet og dagens Ordfører og rådmannskollegiet (ORK), har delvis hatt hand om fleire av desse overordna arbeidsoppgåvene til nå.

Bokn kommune har saman med Haugesund kommune, Tysvær kommune og Rogaland fylkeskommune vore ein av eigarane i Haugaland Vekst heilt sidan selskapet blei starta i 2003. Kommunestyret i Bokn skal ha saka til politisk handsaming i møte den 17. desember.

Ordføreren

Fiskesprellprosjekt i barnehagen



På Småtroll er vi nyskjerrige.



Vi lager fisker.

I samarbeid med "Kjekt på Bokn" har vi hatt prosjekt om fisk, skalldyr, og sunn kost i barnehagen.

I fire uker har vi snakket om, lest om, smakt på og fisket fisk. Gjett om vi har hatt det gøy! Ute på fisketur i båt, fikk vi storfangst av krabbe, og til og med en Pigghå i garnet. Det vakte stor interesse og litt skrekkblandet fryd. Noen av fisken slapp vi uti igjen, for vi kunne ikke bruke de til mat, slik som Pigghåen. Og det var fantastisk å se reaksjonen på barna da den svømte ned til bunnen.

Spist krabbe fikk vi også gjort. Det falt i smak! Å hilse på hummeren var spennende. Tenk å få se disse dyrene på nært hold. Vi er heldige.

Vi leste bøker om fisk, og vi har kjøpt inn leker. Eliasbåtene selvfølgelig. En suksess! Det har blitt lekt mye, ja!

Prosjektet ble avsluttet med en knallgod fiskesuppe. Jo, vi kan nok si vi har vært innom det meste.

Tusen takk til Johannes Nilssen for lån av sjøhus og fiskesnører. Det var en fornøyelse når det kom en liten ulkefisk på kroken! Tusen takk til Bjørnar Bryningsland som stilte med båt, garn og teiner! En magisk dag!

Hilsen personalet



Håkjerring



Vi liker å fiske.



Vi liker krabbe.



...de er kjæresten...



Det er fint å være på sjøen.



Det handlar om lyd

Jardar Havikbotn



Wolfgang B. Ognøy har alltid likt å jobba med lyd og alltid hatt lyst til å starta eige firma. At "Kvednabekken Productions" såg dagens lys i juli 2012 blei derfor veldig naturleg.

Alle som kjenner til "The Kvednabekkjers" reknar nok med at 22-åringen hadde band-namnet i tankane då han fann på namnet til produksjonsselskapet.

- Ja, det stemmer. Eg har fått mykje ros og ris om det namnet, ler han.

- Eg tok det namnet fordi eg ville ikkje at folk sko gløyma det, og eg tenkte at folk vil alltid kommentera det også. All PR er god PR.

I logoen til "Kvednabekken Productions" står det Live & Studio. Wolfgang har bygd opp eit profesjonelt heimastudio, i tillegg til å tilby utleige av PA-utstyr, utstyr til eit komplett musikkstudio.

- Skal du ha konsert i t.d. kyrkja, gym-salen, puben eller utescenenen så kan du ringa til meg. I studioet kan du spela inn alt du kan tenka deg; alle musikkstilartar, reklame, utdrickingslag, bokforelesning, m.m., fortel boknaren.



KLART FOR KVEDNAKORET 17. NOV.: Wolfgang B. Ognøy i heimastudioet sitt på siste inn-spelingsdag av "The Kvednabekkjers CD'en "Bekkjens sildring".

og "Kindred Fever", og mange småjobbar for trubadurar, konferansar og StandUp-show.

langar for ein murar i ny og ne for å få ein litt meir stabil inntekt.

"The Kvednabekkjers"

Multiinstrumentalisten og lydmannen er sjølvsgatt interessert i endå større oppdrag i framtida. Å få heimastudioet skikkeleg i gong står også på ønskelista. Det største studioprosjektet til nå er at CD'en til "The Kvednabekkjers" er spelt inn og produsert her, noko som betyr mykje for Wolfgang.

- Ja, det betyr ein heil del - også blei resultatet heilt OK også. Mykje av grunnen til at eg framleis har studio er pga. "The Kvednabekkjers". Det var jo her alt starta, avsluttar han.

CD'en "Bekkjens sildring", som inneheld 11 sjølvlagde låtar, er i trykken og kjem for sal før jul. Plata kan då kjøpast på Coop Marked Bokn og etter avtale med "The Kvednabekkjers".



PÅ TURNÉ MED "FordRekord", fv. Jon Terje Aksland, Ashley Stubbart, Ole-Jørn Borum, Lars Eirik Støle og Øyvind Børgeesen.

Foto: Wolfgang B. Ognøy

Rask vekst

Den store raude firmabilen har trilla mykje på vegane rundt omkring i Sør Norge det siste året, fullasta med utstyr. Og kundegruppa veks stadig.

- Ja, det stemmer. Firmaet veks fortare enn det eg hadde planar om, og det er jo bra, seier Wolfgang, som har jobba med kjende namn som Rita Eriksen, Roger Handeland og den fantastiske gummimannen Captain Frodo.


Han nemner også coming bands som f. eks "Cazadores", "Spirits of the Dead"

Men det største for han, til nå, var å vera med haugesundsbandet FordRekord på turné i vår.

- Då hadde eg alt ansvar for PA, opp- og nedrigging og for instrumenta dei-ra. Og me køyrde land og strand.

Med eit glimt i auga seier Wolfgang at han kan leva av dette så lenge foreldra ikkje kastar han ut.

- Eg hadde nok klart det viss eg budde for meg sjølv også, men då hadde det vore lite pengar att til mat og brus, seier han, og legg til at han er hand-



Kulturkveld på bedehuset

Reidar Alvestad

I mange år har Bokn bedehus og Bokn mållag hatt eit samarbeid om å arrangera ein årleg kulturkveld på bedehuset. Det har hovudsakleg vore tema om norske forfattarar kor ein har fått inn kjende og dyktige personar som har hatt foredrag. Arrangørane har hatt helle med seg og fått inn svært dyktige foredragshaldarar. Difor har kulturkveldane trekt ganske bra med folk, ofte oppimot 50 personar. Og då fyller det bra opp i bedehussalen. Så har ein hatt den fantastiske songtrioen med på laget som har øvd inn songar – oftast i tilknytning til sjølv temaet for kvelden. Og ikkje minst siste del av kulturkvelden som dreier seg om tradisjonsmaten som dyktige kvinner og menn har laga til avslutninga på kvelden.

Samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar

På ein liten stad som Bokn med mange små lag og organisasjonar, er dei årlege kulturkveldane eit døme på at du kan få til litt meir ved å samarbeida, også på denne fronten.

Fredag den 8. november i år, samla kulturarrangementet rundt 40



Steinar Aalvik

deltakarar, og temaet var «Språkåret 2013» med Steinar Aalvik, skribent, revyartist og humorist som foredragshaldar. Han framførte mange artige vers og snuttar på ein framifrå god måte som fekk opp humøret i



SONGTRIOEN: Fv. May Jorunn Vatnaland, Oddrun Nilssen og Venevil Birkelund.

forsamlinga. Songkvartetten bidrog som vanleg med flotte framføringar, og til slutt var det ned i matsalen til tradisjonsmat og

LysVåken

Jan Magne Moi

Dei hadde lova kvarandre å halde seg vakne lenge, 6. klassingane som var på LysVåken-samling i Bokn kyrkje frå 29.-30. november.

Opplaget starta med at dei måtte leggja frå seg våpna i våpenhuset. Kva våpen kunne dei unge ha med til kyrkje? Me snakka om ord som kan sære og mykje me kan gjere om ikkje våpna er kvasse sverd eller knivar.

Kristuskransen gjekk igjen som innhald i samlinga. Dette er eit armband med mange kuler som kvar har si mening.

Borna fekk innblikk i kva perlene betydde og dei fekk også laga seg sin eigen kristuskrans. Mat og aktivitetar hadde dei på bedehuset.

Det gjev unekteleg ei spesiell oppleving å liggje i midtgangen i



Soveposane ligg tett oppover midtgangen.

kyrkja. Så mange i eit rom gjev rom til mykje

knising og kviskring. Men med litt strenge leiarar, vart det nokre timar søvn også.

Samlinga avslutta med at borna hadde framvising av songen, LysVåken, og at



Lystenning i globen på avslutningssamlinga.

dei siste hovudperlene i kransen fekk sitt innhald.

Det var fire konfirmantar som hjalp dei vaksne med programmet.

Kyrkjelydspedagog Greta Skorpe Elverhaug hadde lagt ned eit grundig forarbeid og leia det heile på ein framifrå måte.



Pluggen MK informerer

Ragnhild Trosnavåg



EM i Oslo

I august reiste fire kjørere med familie til OMS sitt trialområde i Hvervenbukta. Her blei det avholdt en

fin opplevelse!

Rogalandsrunde på Bokn!

Det var kun en Rogalandsrunde i høst og den var på hjemmebane. Med ca.

gode presentasjoner av våre yngste kjørere, som fikk kose seg og kjøre de seksjonene de hadde lyst til. I oppvisningsklassen får alle deltakerbevis.

Med en god dugnadsgjeng gikk løpet flott. Tilbakemelding fra juryleder var: Kjempeflott arrangement!

Her var det mye god kjøring av våre kjørere. Dette løpet var også finalen i Rogalandsrunden, og dermed kåring av krets mestere. Sander fikk en flott 3. plass sammenlagt i juniorklassen, med Bjørn Ove hakk i hel på fjerde plass.

NorgesCup

Tre helger etter hverandre var det tilsammen fire runder i NorgesCupen. Mye bilkjøring for å få delta rundt om i Norges land. Først gikk turen til Molde og to løp, hjem og noen skoledager før turen gikk til Trøgstad med NM på lørdagen og NorgesCup på søndagen. På disse to langturene var alle fire guttene i B-gjengen med, mye bra kjøring og positive opplevelser.



Fv. Sander Jøsang, Bjørn Ove Jøsang, Sverre Trosnavåg og Erik Nilsen, populært kalt «B-gjengen», klare for trial-EM i Oslo.

Foto: Pluggen MK

runde i Europa Mesterskap i Trial. På lørdag var det kjøring i bl.a. klassen Youth Internasjonal, her stilte guttene fra Bokn. Dette var det første løpet de kjørte med nonstop-regler, dvs at de ikke har lovt til å stoppe inni seksjonen. Sykkelen skal hele veien gå fremover. Noen stopp blei det jo, og det resulterte i fem prikker i den aktuelle seksjonen. Guttene kjørte godt, litt travelt på slutten da det begynte å bli lite kjøretid igjen, men alle fire fullførte. Sander Jøsang kom på 14 plass, Bjørn Ove Jøsang 24. plass, Sverre Tronavåg på 33. plass og Erik Nilssen på 39. plass. Dette var en



Det blei trangt om plassen ved klubbhuset til Pluggen MK då 65 kjørarar møtte opp i samband med den fjerde Rogalandsrunden på Torland 8. september.

Foto: Kyrre Lindanger



Dei yngste fekk kjøre oppvisningsløp i samband med Rogalandsrunden på Torland. Her er det Albert Lindanger som er i farta.

Foto: Kyrre Lindanger

65 kjørere til start, fordelt på kjørere fra 5 år til 49 år. Her var det laget eget seksjonsett til de fra fem til ti år, som kjøreroppvisning. Mange

Finalen i NorgesCupen var nesten lokal, turen gikk til Vaulali på Tau, dessverre krasjet denne med skoletur til 10 klasse og dermed kun Sverre som deltok. Etter en flott sesong viste



Sverre Trosnavåg kom på 3. plass i finalen og 2. plass sammenlagt i NorgesCup i kl C.

boknaguttene til gode resultater, og sammenlagt ble det 4. plass til Sander og 6. plass til Bjørn Ove i B klassen. Sverre fikk sølvmedalje og Erik 6. plass i C klassen.

NM -lag i Bergen

Den store finalen i trialsesongen er NM-lag. Turen gikk til Vestkanten Trial, Loddefjorden i Bergen. Her var det laget et flott løp, midt i bebyggelsen. Støtteteamet gikk gjennom kjøpesenteret for å forflytte seg fra den ene til den andre seksjonen. B-gjengen var spente etter at de i fjor for første gang kjørte NM-lag, da på hjemmebane fikk en flott 12. plass. Målet i år var vel å forbedre resultatet fra i fjor.

Guttene kjørte godt. De hadde Martin Trosnavåg med seg som en god



Det var eige seksjonssett for dei mellom 5-10 år i Rogalandsrunden på Torland. Her her oppvisningskjørarane frå Pluggen samla før start; Henrik Våge Ognøy (t.h.), Trym Karoliussen, Albert Lindanger, Joakim Holberg (delvis skjult) og Stian Øvrebø.

Foto: Kyrre Lindanger

lagleder. Han loset de gjennom seksjon for seksjon. En god suporter gjeng hang også med. Noen sure prikker ble det, da det var gått 90 sekunder, rett før kjørerne var ute av seksjonen.

Etter første runde lå de på delt 5. plass, det lovet godt. Andre runde gikk også bra, litt skruing og noen nye deler måtte til. Guttene brukte fem timer og femti minutt på løpet, og hadde da 10 minutter igjen av

kjøretiden sin. Spenningen var stor da resultatlistene kom, her stod Pluggen MK, Bokn IL på 4. plass. Jubelen stod i taket, dette var over all forventning, guttene vant 4. plassen! Gratulerer! Sesongen ble avslutta på Petra, med pølse, kake, utdeling av diplom, litt skruetips, bordkonkurranse, bildefremvisning av sesongen og drøs.

Pluggen MK vil takke alle som stilte opp og hjalp til i forbindelse med Rogalandsrunden!

Juleverkstad

Jan Magne Moi

Det var fullt liv nede i bedehuskjellaren tysdag 26. november. Speidargruppene har dette som tradisjon siste samlinga før advent.

Denne kvelden var det Stifinnarane som hadde samling. Det var storproduksjon av julegåver så reporteren må passe seg for å vere for nærgående med kameraet.

Det var fascinerande å sjå iveren. Flinke var dei og dei vaksne var gode hjelparar. No ser dei fram til Lysmesse første søndag i advent og grautfest tysdag 3. desember. Speidarane er også medarrangør av juletreffest på Bokn bedehus søndag mellom jul og nyttår.

Speidararbeidet i Bokn er eit flott arbeid for forskjellige aldersgrupper; Oppdagarane, Stifinnarane og Vandrarane. Dei har også starta Minispeidar for de i førskulealder. «Den



Tor Harald Alvestad lærer guten å spikke.



Ivrig er dei både store og små.

skal tidleg krøkjast som god krok skal bli», seier ordtaket. Siste skot på stammen er familiespeiding. Det står respekt av

speidararbeidet i Bokn. Foreldre gjer vel i å støtte opp om arbeidet som hjelparar eller ved å trø til når leiarane spør etter ei hjelpande hand.

Gratulerer!



Anna Are - 80 år, 21. november.

Me vil gratulera verdens beste mor, svigermor, bestemor og mormor med 80 årsdagen. Håper du får ein fin feiring.

Stor hilsen fra familien.



Ottar Håland - 80 år, 18. november.

Gratulera med vel overstått feiring.

Hilsen fra små og store i familien.



Martine Hesthammer - 10 år, 26.11.

Gratulera så masse med dagen, kjære go'jentå vår og søster:)

Klem fra brødrene dine, Adrian og Noah, mamma og pappa.



Benjamin Øvrebø Ohnstad - 1 år, 3. desember.

Me vil gratulera godguttene vår Benjamin Øvrebø Ohnstad med 1. årsdagen den 3. desember.

Masse klemmer og koser fra mormor og morfar.



Benjamin Øvrebø Ohnstad - 1 år, 3. desember.

Goguttene vår, Benjamin Øvrebø Ohnstad, fyller 1 år den 3. desember. Kjempesglad i deg.

Bursdagsklemmer fra mamma og pappa.



Simmen Karoliussen - 14 år, 12. desember.

Vi vil gratulere Simmen med 14 års dagen!

Glad i deg, hilsen mamma, pappa og Trym.



post@bygdabladet.no

MMS: 98 22 15 08

Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 9 1993

Tidlegare ordførar: Utvikling i Bokn etter fastlandstilknyttinga?

Med store overskrifter og illustrerande bilete skriv Stavanger Aftenblad den 6. oktober i år at på Rennesøy går det meste betre etter Rennfast. Butikkane har totalt sett fått meir handel, sjølv om ein er nedlagd, nytt vertshus ved Utstein Kloster har gitt ny aktivitet og nye arbeidsplassar, Vikevåg Trelast har auka handel av folk frå Rennesøy, og campingplasser har hatt ein god sesong. Vidare har det vore stor tilstrøyming til Utstein Kloster, og kommunen planlegg eit kulturminnesenter på Sørbø til ca. 1 mill kroner innan 1996. Tilflyttinga til kommunen har også auka.

Kva med Bokn? Har Bokn hatt same utviklinga etter fastlandstilknyttinga?

Noko av den same utviklinga som Rennesøy hadde, har ein også hatt i Bokn, med markert auke i folketalet, auka bustadbygging og stabilisering i daglegvarehandelen, stikk i strid med spådomane. Dårlegare har det vore med nyetableringar av arbeidsplassar. Rett nok kan folk nå bu i Bokn og ha arbeid i andre kommunar, men dette har også den sida at mange bur i andre kommunar og har arbeid i Bokn.

Bokn Bygdablad har snakka med Ingolf Kro. Han har vore ordførar for Senterpartiet i Bokn i 8 år, først frå 1964 - 1970, og så frå 1976 - 1978. I fylkestinget sat han frå 1964 - 1972.


Ingolf Kro fortel at han sjølv tidlegare har arbeidd aktivt for å prøva å få til nyetableringar i Bokn, og veit kor vanskeleg dette er. Han gir uttrykk for at dersom det ikkje kjem storindustri på Øgnøy, er det lite truleg at det elles kjem noko større bedriftsetablering til Bokn. Dei seinare åra er det stort sett oppdrettsverksemda for laks og Bokn Fiskemottak som er nye næringer. Dette har hatt sine problem, og det syner kor vanskeleg det er å etablere nye verksemdar som gir gode stabile arbeidsplassar, sjølv om ein på førehand har gode naturgitte forutsetnader. Han meiner at det må satsast meir på å vidareutvikle det som alt fins på Bokn - t.d. vidareforedling av fiskeprodukt. Kunne dette vera noko for fiskemottaket?

Ingolf Kro seier at han gjennom reiser på Vestlandet har sett korleis bønder og andre har utnytta dei mulighetene som fins innan turisme. På svært mange gardar er det bygd fleire hytter som gir gode tilleggsinntekter til garden. Dette forutset

imidlertid at kvinnene på garden er heime og gjer dette arbeidet muleg. Han meiner at dette er noko ein kunne satsa meir på i Bokn. Dette kunne også vidareutviklast ved at dei som leiger ut hytter kunne tilby fiskerett i vatn, dei kunne ha tilbud om ridning, interessante turstiar m.v. Det viser seg at slike ting har ein fått til andre stader, så kvifor ikkje her?

Også andre ting som byggjer på gardsdrift burde kunna utnyttast og byggjast vidare på med tanke på tilleggsinntekter. Ingolf Kro seier at det ser ut som at kvinnene på gardane i Bokn meir har ein tendens til å vilja arbeida utanom garden, og at dette lovar dårleg for å kunna utnytta dei mulighetene som ein gard kan gi ved å prøva å satsa på nye "nisjer" t.d. innafør utradisjonelle produkt innafør hagebruk, pyntegrønt o.l. eller dei mulighetene som den auka turisttilstrøyminga gir. Han meiner også at ein eller to campingplassar med adgang til parkering av bu-bilar måtte kunna drivast og gi inntekter og arbeidsplassar i Bokn. I så måte meiner han at den plassen på Austre Bokn ved Boknasundet har gode naturgitte muligheter til å kunna drivast - med lett tilgang til sjø og fiske, og fin plassering i høve til riksvegen. Kommunen burde kunna gi eigarane sjanse til å prøva dette skikkeleg.



<p>Kommunestyresak 028/13</p> <p>Budsjettkontroll 2. kvartal 2013.</p> <p>Kommunestyret vedtok: Orienteringa om budsjett og rekneskap for andre kvartal 2013 vert tatt til etterretning.</p>	<p>Kommunestyresak 035/13</p> <p>Eierandel i Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS - endring i selskapsavtale.</p> <p>Kommunestyret sitt vedtak: Endring i eierandel pga. nytt medlem i interkommunalt Arkiv IKS blei vedtatt.</p>						
<p>Kommunestyresak 029/13</p> <p>Samarbeidsavtale barneverntjenester mellom Karmøy og Bokn.</p> <p>Kommunestyret vedtok: Avtale om Samarbeid om barneverntjenester mellom Karmøy og Bokn blei vedtatt.</p>	<p>Kommunestyresak 036/13</p> <p>Suppleringsval - val av nytt medlem i kontrollutvalet.</p> <p>Kommunestyret vedtok: Det vart samrøystes vedtatt at Rune Vatnaland blir 3. vara i kontrollutvalet.</p>						
<p>Kommunestyresak 030/13</p> <p>Samarbeidsavtale pedagogisk psykologisk rådgjevingsteneste.</p> <p>Kommunestyret vedtok: Avtale om samarbeid pedagogisk psykologisk rådgjevingsteneste blei vedtatt.</p>	<p>Kommunestyresak 037/13</p> <p>Reguleringsplan for boliger - Fyrvegen Nord.</p> <p>Kommunestyret vedtok: 14 voterande. Forvaltningsstyret si anbefaling blei vedtatt som fylgjande: Med hjemmel i plan og bygningslovens § 12-12 godkjenner kommunestyret forslag til reguleringsplan for «Fyrvegen nord» slik den framgår av plankart datert 05.04.2013 med tilhørende justerte bestemmelser av 02.07.2013</p>						
<p>Kommunestyresak 031/13</p> <p>Depostium kommunal ungdomsbustad.</p> <p>Kommunestyret vedtok: Formannskapet si innstilling om depositum vart samrøystes vedtatt. Forslag frå SP oversendes rådmannen. Sak om tildelingsregler tas opp som ny sak.</p>	<p>Kommunestyresak 038/13</p> <p>Boligområdet Fyrvegen Nord.</p> <p>Kommunestyret sitt vedtak: SP og Høyre fremma fylgjande fellesforslag:</p> <p>«Rådmannen sitt framlegg vedtas med fylgjande endringar:</p> <table border="0"> <tr> <td>Pkt. 1.: Tomter mot vest:</td> <td>kr 560.000,-</td> </tr> <tr> <td>Øvrige eneboligtomter:</td> <td>« 475.000,-</td> </tr> <tr> <td>Tomt for flermannsbolig, minstepris:</td> <td>« 1.700.000,-</td> </tr> </table> <p>Pkt. 5: innen 2 år.....</p> <p>Pkt. 6: Tomtene skal lysas ut for sal når andbudspriser foreligger og det er klarlagt når tomtene skal være byggemodnet. Prisene er retningsgivende og skal endelig vedtas når tomtene er klar for å legges ut for salg.</p> <p>Nytt pkt. 8: Det opprettes egen sak for markeditilpassede tiltak for målgruppen.</p> <p>Kommunestyret vedtok formannskapet si inntilling med endring for fellesforslag frå SP og Høyre samrøystes.</p>	Pkt. 1.: Tomter mot vest:	kr 560.000,-	Øvrige eneboligtomter:	« 475.000,-	Tomt for flermannsbolig, minstepris:	« 1.700.000,-
Pkt. 1.: Tomter mot vest:	kr 560.000,-						
Øvrige eneboligtomter:	« 475.000,-						
Tomt for flermannsbolig, minstepris:	« 1.700.000,-						
<p>Kommunestyresak 032/13</p> <p>BUDSJETTJUSTERING 2013 økonomisk sosialhjelp - Helse, sosial og barnevern.</p> <p>Kommunestyret vedtok: Budsjettjustering 2013 økonomisk sosialhjelp blei vedtatt.</p>	<p>Kommunestyresak 039/13</p> <p>Forslag til reguleringsplan for Føresvikvegen</p> <p>Kommunestyret vedtok: Forvaltningsstyret forslag blei vedtatt som fylgjande:</p> <p>Med hjemmel i PBL§12-10 godkjenner kommunestyret reguleringsplan, datert 14mai 2012, med tilhørende reguleringsbestemmelser av samme dato, med</p>						
<p>Kommunestyresak 033/13</p> <p>BUDSJETTJUSTERING 2013 pleie og omsorg - Helse, sosial og barnevern.</p> <p>Kommunestyret vedtok: Budsjettjustering 2013 pleie og omsorg blei vedtatt.</p>	<p>Kommunestyresak 034/13</p> <p>Handlingsplan for folkehelse 2013.</p> <p>Kommunestyret vedtok: Framlagt handlingplan for folkehelse blei vedtatt.</p>						
<p>Kommunestyresak 034/13</p> <p>Handlingsplan for folkehelse 2013.</p> <p>Kommunestyret vedtok: Framlagt handlingplan for folkehelse blei vedtatt.</p> 							

følgende tillegg:

1. ... Det innreguleres ny landbruksavkjørsel i eiendomsgrensen mellom gnr.11 bnr5 og bnr 1,2
2. Reguleringsbestemmelsene utvides med rekkefølgekrav om at garasjen på gnr.9 bnr.1 skal være fjernet før veiarbeidene settes i gang. PBL§12-7,pkt10
3. Støyberegninger knyttet til boligeiendom på gnr.9 bnr.42 skal foreligge før veiarbeidene kan settes i gang. Eventuelle støytiltak på eiendommen skal gjennomføres som del av veianlegget.

Kommunestyresak 040/13

Meldingssaker.

Kommunestyret sitt vedtak:

Meldingssakene blei tatt til orientering.



Forvaltningsstyremøte 15. oktober 2013

Forvaltningsstyresak 036/13

REGULERINGSPLAN FOR TURVEG MELLOM FØRESVIK OG ALVESTADKROKEN -1.gongs handsaming.

Forvaltningsstyret vedtok med 4 mot 3 røyster:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til detaljregulering av turveg mellom Alvestad og Føresvik med kart dagsett 23.09.2013 og føresegner dagsett 23.09.2013 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veke.

Forvaltningsstyresak 037/13

Gnr. 9 bnr. 152 - Hanne Marhe Vatnaland - tomannsbustad - dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan

Forvaltningsstyret vedtok:

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer Bokn kommune frå gjeldande reguleringsplan med tilhøyrande føresegner, for oppføring av tomannsbustad med takvinkel 22 grader, og for overskriding av tillaten utnytting,

slik det er søkt om.

2. Med atterhald om at det ikkje vert klaga på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen vert søknad om oppføring av tomannsbustad og murar i nabogrense godkjent med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova i samsvar med søknad.

3. Tiltaket vert plassert i tiltaksklasse 1, unnateke røyrleggararbeid og ventilasjonsarbeid som vert plassert i tiltaksklasse 2.

4. Det må søkjast om ferdigattest (alternativt mellombels bruksløyve) før bygget vert teke i bruk. I samband med dette må det sendast inn gjennomføringsplan og oppmålingsdata for veg, VA-leidningar og bygga. Oppmålingsdata skal leverast på SOSI format 4.0

5. Det skal i medhald av § 11-16 i byggt teknisk forskrift monterast brannsløkkereiskap i bygget før det vert teke i bruk.

Framhald i neste utgåve.

Serie

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Å sjå det på hårreigjå var den store utfordringa denne gongen. Elles var det tydelegvis ikkje alle som hadde vore borti folk med kjøbeved. Likevel er det imponerende kva folk framleis kjenner av gamle uttrykk. Å ta dei i bruk att vil kunna gjera språket meir fargerikt og bidra til å bevare denne delen av boknakulturen for ettertida. Endeleg er det gildt at fjernsynet også fylgjer opp spalta vår med eigne dialektprogram, jmf. "Dialektriket" på NRK1.

Forklaringane:

- | | |
|-----------------------------|--|
| 1. å skraua | å skumma |
| 2. ei hya | ei hinne |
| 3. eit rågver | uver, når ting går for fort unna |
| 4. eit flågved | å ha sers godt vit |
| 5. ei hendelsløysa | noko meiningslaust dumt |
| 6. eit "kjøbeved" | teoretisk kunnskap utan sunn fornuft |
| 7. ei flyssa | ei som ein har låge tankar om, utslite tøy |
| 8. "å sjå det på hårreigjå" | å sjå kor lur nokon er, hårreigjå =hårfestet |
| 9. homsjen | uvel, ikkje i form |
| 10. ein sobeleist | ein slarv, raring, uvøren type |

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. Udkroben
2. I floktå
3. Liga hollen
4. Beinleies
5. Aur og saur
6. ei drevja
7. ei horpa
8. å gorpa
9. basje
10. nøben

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 12. desember**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Resultat:

Dagsenterdamene	9 poeng
Andor Borgenvik	8 poeng

Dei fleste uttrykka denne gongen er leverte av Leif Vatnaland. Takk til han for gode bidrag.



Altibox har Norges
mest fornøyde TV- og
bredbåndskunder

– fjerde året på rad!



Det er vi som har ekte fiber
- bestill på haugnett.no





Hytter/Leiligheter med båt og kai plass
Uke, måned eller åremål
Ta kontakt med
Atle Jøsang - tlf. 900 72 369
Mail: atle.josang@griegseafood.com

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og
Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)

Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
 E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien
 Kjetil Hamre
 Hanne Marte Vatnaland

Gjeldande annonseprisar

Heilside	kr. 2.000,-
Halvside	kr. 1.000,-
Kvartside	kr. 500,-
1/8 side	kr. 250,-
Privatann.	kr. 100,-
Nettannonse	kr. 100,-
Fastannonse	etter avtale

Foto, omslag:
 Stephan Haram

KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå 2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinngleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaantl.	500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
Epost: kjellfrode75@hotmail.com

NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
 909 24 964
 Kjell Frode Lie
 907 83 797

Takk

Tusen takk for gåver og helsingar eg fekk i anledning min 80 års dag.

Ottar Håland

Kulturkalenderen

- | | |
|-----|--|
| 08. | Luciafest på skulen, arr. Bokn Musikkorps - sjå s. 14 |
| 14. | Julemiddag for ungdom - sjå s. 14 |
| 15. | Gudsteneste kl. 11.00 |
| 24. | Gudsteneste kl. 14.00 |
| 26. | Gudsteneste kl. 11.00 |
| 29. | Juletreffest. Bokn Bedehus kl. 15.00 |
| 31. | Gudsteneste kl. 16.00 |

Ledig sjukepleiarstilling i pleie og omsorg

Vi er på jakt etter *ein sjukepleiar* som har erfaring frå eller interesse for å arbeide med blant anna menneske med demens og kvardagsrehabilitering. Og som saman med leiar, kollegaer, brukarar og pårørande vil vera med å vidareutvikla tilbodet til innbyggjarane i Bokn.

Kvalifikasjonar:

Autorisert sjukepleiar gjerne med vidareutdanning i geriatri eller rehabilitering
Arbeidserfaring frå arbeid med menneske med kognitiv svikt og demens og/eller kvardagsrehabilitering er ein fordel.
Førarkort til bil

Eigenskapar

Evne til å motivere og engasjere
Initiativrik og kreativ
God samhandlingskompetanse
Personleg egnethet og evne til å arbeide i team
Gode kommunikasjonsferdigheter
God norsk muntlig og skriftlig fremstillingsevne

Det tilbys

Stillingsstørrelse etter ønske (oppgis i søknaden)
Turnus med arbeid minimum hver 3. helg – partene i Bokn kommune prøver ut nye arbeidstidsordningar og er opne for ønsker på helgehyping og/eller vaktlengder (oppgis i søknaden)
Konkurransedyktig lønn
Utan spesialutdanning: kr 406 100 – 449 345
Med spesialutdanning: kr 424 158 – 465 465
Personlege eigenskapar vil bli tillagt avgjerande vekt.

Kontaktperson:

Einingsleiar Grethe Heimvik 52 75 25 30 eller seksjonssjef Hildegunn Andreassen 481 13 681

Søknad med cv skal sendast innan 10.12.13 til: post@bokn.kommune.no

Bokn legekantor informerer

Åpningstider jula 2013

Legekantoret held stengt frå 23. desember til og med 1. januar. Dei vanlege arbeidsdagane vil Hegren legesenter tlf. 52 75 88 00 vere vikar for våre pasientar.

Kveld, natt og alle helgedagar vil det vere legevakta som handterer alle henvendingar som ikkje kan vente til neste arbeidsdag.

Tlf. til Bokn legevakt er som vanleg 52 74 85 22

Offshoreattest og helseattest for sjøfolk

Etter ny ordning om attest for tilsette i havbasert petroleumindustri må det frå 1/1-14 vere særskilt godkjend lege som kan skrive attest slik det har vore for sjøfolk tidlegare.

Bokn legekantor kan frå 1/1-14 til glede for alle nye og gamle pasientar skrive ut begge typar attestar! Du treng ikkje ha fastlege på Bokn legekantor for å få time til dette.

Kokk m/fagbrev

Ved Bokn sjukestove har me ledig fast stilling for kokk m/fagbrev, i stillingsandel 51,41 % frå 01.01.2014.

Bokn sjukestove yter samordna tenester innan PLO i Bokn kommune, og har eige kjøkken. Kjøkkenet lagar hovudsakleg mat til bebuaraene på sjukeheimen, men og til heimebuande.

Stillinga som kokk går inn i turnus, med jobbing kvar 3. helg.

Søknadsfrist: 15.12.13

For nærare opplysningar om stillinga, ta kontakt med Einingsleiar Grethe Heimvik, tlf. 52 75 25 30 og Torunn Skjelde tlf. 52 75 25 31.

Søknad m/cv sendes til postmottak@bokn.kommune.no

STORT FRAMSIDEBILDE:

Frå LysVåken 2013 - sjå s. 5

Foto: Greta S. Elverhaug



Kjekt på Pepparkake-Bokn!



Så er tida inne for kjekt på pepparkakeBokn-konkurransen igjen!

Vil du vera med, så blir du med! Alle som vil kan sjølvsagt vera med!

Du kan delta som:

- Enkeltperson (sjølv om det er kjekkare med fleire)
 - Par (foreldrepar, kjærestepar, venner eller søsken)
 - Familiar
 - Grupper (skuleklassar, strikkeklubb, sykkelklubb etc)
- Dei fine tinga de lagar skal stillast ut i

servicetorget

Lag det du vil:

Ditt hus, andres hus, fantasihus, bruer, Boknafjellet, båtar, gardar, skulen, kyrkja, fyrlykt, ferjå, naust, butikken, slottet, kommunehuset... bare fantasien set grenser!

Me utfordrar alle til å vera med og laga julestemning i servicetorget! Og det er premiar til vinnarane av alle fire gruppene, men det blir også ein vinnar som publikum bestemmer! Bli med og la den gode pepparkakelukta breie seg ut over Bokn!

Kunstverka som de lagar kan leverast inn 18. november og heilt fram til 13. desember. Ein vinnar vil bli kåra ut i frå det vi meinar er mest kreativt og best baka! Og de som publikum får

bare stemma på dykkar favoritt.

Alle 5 vinnarane blir kåra 19. desember på juleavslutninga på Bokn skule.

Viss de vil ha bakverka dykkar må de komma og henta dei seinast 18. desember, ellers et vi dei opp. Viss de ikkje hentar dei blir dei med på pepparkakehusknusedagen som er den 19. desember i år.

Så nå må alle pepparkakehusbakarar på Bokn finne fram bakebolla og baka! Håpar du vil baka!

Helsing Pepparkakevokterane i servicetorget





Besøksteneste

Diakoniutvalet i kyrkja har samtalt om det er trong for besøksteneste. Difor gjer me no kjent at det er mogeleg å ringe for kontakt og eventuelt invitere heim ein av desse som no sit i diakoniutvalet:

Gudny Sæbø,	41183677
Ingvild Håland	98668858
Ragnhild Trosnavåg	98424825
Liv Vatnaland	52748312



Juletesal 2012



Som tidlegare år får Bokn Røde Kors fine tre frå Liv og Osmund Lund på Sjernarøy. Det vil bli lagt ut liste på butikken for førehandstinging.

Førehandstinga tre kan bli leverte på døra, men det er fint om du tek ut treet dei dagane vi står på kaien. Vi vil selge trer i Føresvik laurdagane 14. og 21. desember. kl 09.00-16.00 - **Pris: 400 kr**

Det vil bli lagt ut liste under julegrantenninga som ein kan skriva seg på.

Ein kan og tinga tre via tlf. eller epost :
Kjell Frode 90 78 37 97
kjellfrode75@hotmail.com



Velkommen til Luciafest

på Bokn skule,
sundag
8. des. kl. 18.00



Korpsmusikk
Luciaopptrinn
Matøkt
Bordkonkurrans
Utdeling av
Kulturprisen 2013

Trekning av ipad mm

Velkommen til alle!

Pris kr. 70,-/50,-

Bokn musikkorps

VELKOMMEN TIL JULEMIDDAGEN



2013



Dato: Lørdag 14. Desember
Sted: Gymsalen på Bokn skole
Aldergrense: fra 8. Klasse til 18 år
Tid: Dørene åpner kl. 19:00, og stenger kl. 00:00

Billett koster 150 kr per stykk.
Billetter fås kjøpt på kontoret til Irmelin på Bokn skole, mandager fra kl. 08:00 – 15:30,
og på Artep onsdager fra kl. 16:00 – 20:00.

OBS: Siste dag for å kjøpe billett er onsdag 11.12.13

Det blir servert pinnekjøtt, ribbe og dessert !
Konsert med Lisbeth Skjelde og Ida Havikbotn ☺



Det blir også pakkelek, premier, dans, og kåringer utover kvelden !



Kom for en knallkjekk kveld sammen med venner og bekjente !



Velkommen til en avslappende velværestime før jul, nå som i fjor følger massasje med behandlingen.

Julegavetips: Gavekort på behandling eller gode stylingprodukter.

Skjerf følger med ved kjøp av to produkter.

Ønsker alle en gledelig jul!
Hilsen Mona



Frisørrommet på Boknatun

- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag

Oddetallsuger:
kl. 09-16
Partallsuger:
fleksible
åpningstider

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISH. CLOSER TO ME.

Har gavepakker til han og henne
Gavekort kan også fikses

Ha en fin forjulstid!

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISH. CLOSER TO ME.

DAGSENTERET

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør



NAV BOKN

Kundesenteret: tf. 55 55 33 33

Bengt Krystad - leiar

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tf. 52 75 45 20

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust

LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direktenummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

BOKN FOTTERAPI

Heimelokale, Øyren 16

Timebestilling tf. 99 70 74 28

Rita Bokneberg - fotterapeut

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 - 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Jan Schille - lege

PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 - 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 - 15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

Annonsér i
Bokn Bygdablad



Båtdrammen finner du hos oss!

Honda Tohatsu Deutz Vetus Silver AMT Terhi Sea Star Honwave Inter Sealegs River

AMT 200 DC - komplett båt med alt utstyr **HONDA**
The Power of Dreams

6
ÅRS GARANTI

HONDA MARINE **AMT**
ADVANCED MARINE TECH

Modellutvalg: 150R, 160R, 170R, 170BR, 170BRS, 185R, 185BR, 190HT, 200BR, 200C, 200DC, 215PH, 230DC inkl Honda 150 hk ferdig montert. (På lager)

Pris **349.990,-**

Klassens beste Pilothouse båt! **HONDA**
The Power of Dreams

6
ÅRS GARANTI

HONDA MARINE **AMT**

TILBUD MED 90 HONDA OG UTVENDIG STYRING

Modellutvalg: 150R, 160R, 170R, 170BR, 170BRS, 185R, 185BR, 190HT, 200BR, 200C, 200DC, 215PH, 230DC (begrenset antall)

Pris **369.000,-**

KJØP NÅ OG FÅ GRATIS LAGRING TIL VÅREN

Familiens favoritt! **HONDA**
The Power of Dreams

6
ÅRS GARANTI

HONDA MARINE **TERHI**

Modellutvalg: Baby Fun, Sunny, Moomin, 385, 440, Saiman/Saiman Hunter/Sunwind, More Fun/C, ea Fun/C, 410, Nordic 6020/C, 475 Open CC/FC, 475 Twin C, 300 Sail, 400 C inkl Honda 20 hk ferdig montert. (På lager)

Pris **67.990,-**

POWER MATTERS **TOHATSU**
outboards

Testvinner!

5
ÅRS GARANTI

TILBUD MED 25 TOHATSU med EL.start og ekkolodd

Finn din forhandler på tohatsu.no (begrenset antall)

Pris **79.990,-**

Havnavegen 54, 5561 Bokn • Telefon: 416 65 015
Mail: post@rogalandmarine.no



HONDA

TOHATSU

TERHI

AMT
ADVANCED MARINE TECH